



Adresseliste

Saksbehandlar Kari Sveen

Vår ref. 2019/12439-3 432.2

Dykkar ref.

Dato 04.07.2019

Utladalen landskapsvernområde - Utsiktsrampe ved Vettisfossen - Behov for oppgradering - Referat frå synfaring 21. juni 2019

Bakgrunn:

Eksisterande anlegg/gjerde oppe ved fossen er prega av tidas tann. Det er behov for å vurdere tilstand og eventuelt behov for vedlikehald/oppgradering. Sjå foto i vedlegg 1.

Det har også kome innspel knytt til utsikten ved toppen av Vettisfossen frå Årdal Utvikling, men dette har ikkje tilslutnad frå grunneigarar. I det vidare ser Nasjonalparkstyret derfor på anlegget som er der i dag, og kva som må gjerast for å setja dette i forsvarleg stand. Eventuell tilrettelegging skal skje i nær dialog med grunneigarar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ville i samband med styremøte på Naturhuset fredag 21. juni gjennomføre ei synfaring opp til fossen, slik at styremedlemmene får danna seg eit godt inntrykk av staden. Grunneigarar vart invitert til synfaringa.

Til stades:

Frå grunneigarar: Roger Høgseth Vetti

Frå Nasjonalparkstyret: Bjarne Eiolf Holø, Sandra Opheim, Leif Solemsli, Kjersti Bjørnstad, Aleksander Øren Heen, Marit Aakre Tennø. Kari Sveen – Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen Andre: Rigmor Solem – SNO Jotunheimen, Johannes Skahjem – Utladalen Naturhus.

Oppsummering av synfaringa:

Roger Høgseth Vetti uttrykte på vegne av grunneigarane at dei er positive til oppgradering av utsiktspunktet, men dei ønskjer ikkje noko stort byggverk eller tilrettelegging for opphold ut over ein trygg plass for å nyte utsikten og ta ein kort rast.

Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen orienterte om rammer for tilrettelegging med medverknad frå Nasjonalparkstyret. Vi er avhengige av å søkje tiltaksmidlar via Miljødirektoratet, og all tilrettelegging må følge Miljødirektoratets nye designmanual. Materialval kan vera cortenstål eller tre. Eventuelle tavler eller plakatar skal utformast i tråd med vedtekene design. Døme på tilrettelegging etter ny profil er vist i vedlegg 2. Dette er døme, og arkitektoniske element må tilpassast naturen og behova på staden.

Hovudpunkt frå diskusjonen, som synfaringsdeltakarane samla seg om

- Det er nødvendig med utskifting av stolpar og treverk som er i ferd med å rotne. Det er ingenting som kan brukast vidare, og full utskifting til nyanlegg må til.



- Det bør engasjerast arkitekt/landskapsarkitekt for utarbeiding av eit skisseprosjekt som grunnlag for søknad om tiltaksmidlar. Rammer for oppdraget er å innordne seg vedteken designmanual i materialval og design, og at utstrekning av nytt anlegg i hovudsak held seg innan ytre rammer for det eksisterande anlegget.
- Ei utsiktsplattform som går ut over kanten kan vera meir praktisk, for å hindre at folk går på utsida av gjerdet for å få beste biletet av fossen.
- Det er behov for geolog/geoteknikar for vurdering av fjellkvalitet og forankring ute på (evt. ut over) kanten. Det vart engasjert geolog av Årdal Utvikling (Å.U.), og denne rapporten bør gjerast tilgjengeleg for å kunne vurdere behovet for eventuelle vidare utgreiingar. Årdal kommune må få tilgang til rapporten, da det er gjeve kommunal stønad til Å.U.
- Geoteknikar Tore Valstad, som hadde dei geotekniske vurderingane av bruforankring ved Utkikkspunkt Sognefjellet, kunne kanskje gjeva ei førehandsvurdering basert på geologirapporten og ei eiga synfaring til Vettisfossen.
- Nasjonalparstyret er positive til eventuell omdispniring av ledige tiltaksmidlar for eit forprosjekt til hausten, med tanke på søknad om tiltaksmidlar i 2020
- Gjerde/vaier langs stigen opp frå Vetti bør også oppgraderast som deltiltak av prosjektet *Utsiktpunkt Vettisfossen*.

Utkast til referat sendt ut til synfaringsdeltakarane med frist for merknader før endeleg referat. Det kom ingen merknader innan fristen. Referatet oppdatert med biletseksempel. Eg har dessverre ikkje bilete der det er brukt tre, men t.d. malmfururu kan vera eit alternativ som er i tråd med designmanual.

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Adresseliste:

Marie Johansen Vetti
Ingjerd Vetti
Roger Høgseth Vetti
Sandra Opheim – Varaordførar / fungerande ordførar i Årdal
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Rigmor Solem



Vedlegg 1 – Eksisterande situasjon





Vedlegg 2 – Døme på profilelement etter ny design Norges Nasjonalparker



Jotunheimen
nasjonalpark

Temainformasjon

«Dei fysiske løysingane for formidling/informasjon skal utnytte lokaliteten som formidlingsstad og integrerast i anlegget på ein brukarvenleg, pedagogisk og estetisk god måte.»

Varderekka over Sognefjellet

The line of values across Sognefjellet

I hundrevis år har folk vandru frå verdsar til verdsar over Sognefjellet. Medan varderekka tidlegare var hovudstig for at folk skulle finne fram, er ho i dag ein viktig kulturmiljø.

Varderekka over Sognefjellet, var hermede medlem av «Galleri for tilknyting» i 1938. Verdarne vart her den dag i dag, og med det vart gitt et viktig stas av folketilhørskapet. Det vart sett til at det vart gjort til eit museum, men det vart ikke gjort.

Verdene av borda oppar av eldste busetnadar i landet, og ofte er dei viktige med ein sentral rolle både når det gjeld historie, heile over verden. Den viktigaste var at borda varde over arkeologiske funn.

Over 3000 verdar er registrerte på dei 30 kilometerne mellom Hemsedal og Torgatvegen. Det er eit verdifult kulturmiljø som ikkje kan gjerast tilgjengelig. Det er også viktig at dei lokale blir byggje inn i verda.

Det er viktig at borda vart vurdert som eit kulturmiljø, og at borda vart vurdert som eit kulturmiljø.

<http://www.nasjonalparkstyre.no/joturnheimen>

Saksbehandlar Kari Sveen

Side 4 av 5

